

FOREDRAG OM NETTMOBBING

Sted: Stadlandet skule Tidspunkt: Tysdag 21. mars kl 18.00-20.15
Elever møter i Auditoriet og Foreldre møter i gymsalen

Vi har alle den siste tida kunne lese i media om nettmobbing, og at dette er eit aktuelt tema og dessverre eit aukande problem blant ungdom. Men, kva er nettmobbing, og korleis kan ein førebygge og handtere mobbing via nett og mobil? Det vi veit er at denne type mobbing påverkar mange barns kvardag og er annerledes enn andre typar mobbing. Mykje føregår i det skjulte, og ikkje mange fortel om det. Ungdomen har tilgang på mobil, internett og spel som gjer det mogleg å kommunisere på ein måte som opplevast som mobbing. Skjermen sitt skilje mellom sendar og mottakar gjer at mange blir meir røffe og modige i den digitale kommunikasjonen.

FAU Stadlandet og FAU Selje har gått saman om å invitere organisasjonen «**Barnevakten**» hit til kommunen for å halde eit føredrag om nettmobbing. Barnevakten er en organisasjon som gir råd om barn og mediar. Dei arbeider ut frå FN's barnekonvensjon som understreker barnas rett til å bruke mediar og deira krav på vern frå informasjon som kan være skadelig. **Foredraget er obligatorisk for elevane i 8,9 og 10 klasse.** I tillegg er det opent for foreldre/føresette til elevar frå 5-10 klasse. Det vil verte to parallelle føredrag, eit for elevane i auditoriet og eit for foreldra i gymsalen.

Undervegs vert det ei pause der ein kan mingle, snakke med andre foreldre, drikke kaffi og ta en matbit. Tilslutt samlast vi til ei kort plenumøkt og oppsummering av Barnevakten, før MOT og Maria Helgesen avsluttar kvelden med eit kort innlegg.

Arrangementet og maten vil vere gratis, men det vert høve til å gje pengar til arbeidet som FAU legg ned på skulane. Overskotet vert delt mellom FAU Stadt og FAU Selje.

Vi vil sterkt oppfordre alle foreldra til å setje av tid til dette denne kvelden. Vi trur det vil være lærerikt og nyttig både for ungdomen og foreldra/føresette. Å engasjere seg i ungdomen sin kvardag kan aldri bli feil ☺

FAU Stadlandet og FAU Selje takkar Selje Sanitetsforeining ,Paneda og Stadlandet skule for at dei har sponsa oss så vi kan invitere gode ressursar frå Barnevakten til å komme hit og halde dette foredraget for oss. **Selje sanitetsforeining** har gående kampanjen "skjønnhetstyranniet" (Barn og unges psykiske helse),de har derfor ønsket å støtte dette arrangementet med hele 8500 kr!! De er ein viktig samarbeidspartner for å få dette arrangementet i hamn økonomisk, Takk! ☺



Velkommen skal du vere !

Mvh Foreldrene sitt arbeidsutval
(FAU) på Stadlandet og i Selje.